



Violet Green i aksjon.

**Husnes Jazzklubb inviterte fredag kveld til ein gjennomgang av blues-/jazz-/rockhistoria frå tidleg 1900tal til vår tid, og fokuset var på kvinnelege utøvarar og musikkskaparar. Den svenske gruppa Violet Green (and All Between) ga oss eit interessant - og til tider - tankevekkande innsyn, spekka med flotte musikalske døme. Maria Malmsten (kjend for dei fleste) står for opplegget av vestlandsturneen til bandet.**

Dønhaugkjedlaren er så visst ein intimszene, og 6 musikarar er vel bortimot det det er plass til utan at utøvarane skal vera i vegen for kvarandre. Nokre og tjue tilhøyrarar hadde funne vegen denne kvelden. Det kunne vore fleire, men hadde me vore over tretti, ville truleg me ha vore i vegen for einannan. Klokka var om lag kvart over ni då Jarle Mehammer ønskte velkomen.

Bandet starta fyrste avdeling med Bessie Smith (the Empress of the Blues) sin "Drag my Blues Away". Avdelinga femna tida fram til og med depresjonen i USA. Me fekk høyra musikk av, og deler av historia kring 10 varierte og til dels svært fargerike damer. Ein del av dei var innblanda i ganske skandaløse hendingar, og ei av damene kunne dagen etter lauslating frå arresten servera ein låt om det som hadde gått føre seg (Ma Rainey - "Prove it om Me Blues"). Hadde de vore til stades, ville de fått veta kva ho vart arrestert for, og de ville og fått veta kven som spytta snus, samt ein del andre spesielle særdrag einstilte av desse damene hadde. No kan de som ikkje var der, angra. Dei av dykk som har interesse for å gjera noko med forsøminga, kan trykka [HER](#) for å sjå kor Violet Green skal spela komande veke (det er ikkje så langt unna). Via denne linken kan de og finna ut mykje meir om kva denne gruppa står for. Bandmedlemene skifta om å servera anekdotar og karakteristikkar for kvart nummer, og det vart ein svært god kontakt mellom dei og dei frammøtte.

Andre avdeling tok oss frå midten av 30-talet og fram til no. Eg hadde eit inntrykk av at under fyrste avdelinga la musikarane litt band på seg. Ein kjenner truleg ein viss pietet overfor stoffet, og vil presentera det så tru mot det opphavslege som mogleg. Iallfall losna den musikalske snippen meir etter kvart som me nærma oss notida. Dette er jo stoff som mange musikarar, og publikum med, er meir kjende med, og det er mange artistar og band som har laga eigne versjonar. Her fekk me høyra meir av kva dei var gode for på instrumenta sine, og eg vil påstå at ikkje mange band får til det vokale så godt som desse damene. Flotte harmoniar og ein hovudvokalist som verkeleg levde seg inn i songen.



Ein dedisert vokalist.

Her fekk me mellom mykje anna høyra kor Muddy Waters stal "Got my Mojo Walking" (frå Ann Cole), og Jerry Lee Lewis har sjølv sagt stole "A Whole Lotta Shakin' Goin' on" (frå Mabel Louise (Big Maybelle) Smith). "Hound Dog" vart presentert 3 år før Elvis av Willie Mae (Big Mama) Thornton. Med meir varme i trøya fekk me og verkelege perlepresentasjonar: I samband med omtalen av Janis Joplin fekk me hennar versjon av: "Ball and Chain" - ein verkeleg godbit både vokalt og instrumentalt. Denne songen er opphavsleg av Big Mama Thornton. Me kjem og seint til å gløyma "Feeling Good" (Nina Simone), der keyboardinnleiinga reiste høneskinnet på ryggen alt i starten. Då jentene takka for seg (om lag 23.15), ville ikkje applausen ta ende. Dei gjorde då ein dundrande finale med Tina Turners versjon av "Rolling on the River".

Det er ikkje ofte ein opplever dyktige musikarar som er så uhøgtidelege, trivst så godt i lag, er så godt samkøyrde, og dermed får i stand slik kontakt med tilhøyrarane. Dette var jo kvinnesak i høg grad, men eg trur ikkje sjølv den mest innbarka mannssjåvinisten av oss tok seg nær av denne presentasjonen. -Me berre godtok det.



Musikk og undervisning var ved - frå venstre - : Ulla Wrethagen-vokal/gitar, Elsie Petrén-saxofon, Lena Andersson-bass, Anna Hammersten-keyboard/vokal, Jenny Fall-vokal, Eva Grund-trommer.

Tekst og foto: Svein Rimestad  
Nett: Thor Inge Døssland